



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	976 013 263
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR
Forretningsadresse:	Indrehovdevegen 176 6160 HOVDEBYGDA

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Per Magnus Finnanger Sandsmark
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.06.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 09.07.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Sal av varer		1 718 390	1 414 740
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	33 234 894	34 191 462
Billettsal		1 329 116	952 604
Sponsorinntekter og annonser			13 950
Andre inntekter		196 631	106 785
Sum inntekter		36 479 031	36 679 541
Kostnader			
Varekostnad		975 305	1 154 301
Lønskostnader m.m.	2	19 598 085	19 128 065
Ordinære avskrivningar	3	677 082	615 828
Leigekostnadar		995 580	1 050 618
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 849 614	1 443 369
Reparasjonar og vedlikehald		387 007	652 890
Reise/opphald		2 233 038	1 883 047
Honorar	2	5 477 930	5 319 468
Marknadsføring		1 010 589	1 124 717
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 517 132	1 613 800
Andre driftskostnadar		1 481 874	1 236 155
Sum kostnader		36 203 236	35 222 259
Driftsresultat		275 795	1 457 282
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		108 293	113 266
Annan Finansinntekt			70
Sum finansinntekter		108 293	113 336
Annan rentekostnad		830	3 656
Annan finanskostnad		489	627
Sum finanskostnader		1 319	4 282
Netto finans		106 974	109 054



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Ordinært resultat før skattekostnad		382 769	1 566 336
Ordinært resultat etter skattekostnad		382 769	1 566 336
Årsresultat	4	382 769	1 566 336
Årsresultat etter minoritetsinteresser		382 769	1 566 336
Totalresultat		382 769	1 566 336
Overføringer og disponeringar			
Udekt tap	4	250 000	1 050 000
Overføringer annan eigenkapital	4	132 769	516 336
Sum overføringer og disponeringar		382 769	1 566 336



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 749 131	1 979 341
Inventar og utstyr	3	1 845 786	1 271 982
Sum varige driftsmiddel		3 594 917	3 251 323
Sum anleggsmiddel		3 594 917	3 251 323
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	5	1 329 100	1 163 414
Krav			
Kundar	6	572 967	326 085
Andre krav	6	865 440	408 912
Sum krav		1 438 407	734 997
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjer kr 663 415)		10 846 204	11 200 974
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		10 846 204	11 200 974
Sum omløpsmiddel		13 613 711	13 099 385
SUM EIGEDELAR		17 208 628	16 350 708
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		270 000	270 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Opptent egenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 828 970	3 578 970
Annan egenkapital	4	5 782 190	5 649 421
Sum opptent egenkapital		9 611 160	9 228 391
Sum egenkapital		9 881 160	9 498 391
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Sertifikatlån	5		
Leverandørgjeld		1 833 597	1 436 012
Trekk og offentlige avgifter		1 307 684	1 309 572
Påkomne kostnader		1 863 205	1 840 835
Periodiserte tilskot		2 322 983	2 265 899
Sum kortsiktig gjeld		7 327 468	6 852 317
Sum gjeld		7 327 468	6 852 317
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		17 208 628	16 350 708



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 597946

Enheten

Organisasjonsnummer: 976 013 263
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR
Forretningsadresse: Indrehovdevegen 176
6160 HOVDEBYGDA

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Per Magnus Finnanger Sandsmark
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 22.07.2023



Organisasjonsnr: 976 013 263
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR
SKRIFTKULTUR

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Sal av varer		1 718 390	1 414 740
Tilskot frå Kulturdep. o.a. 1		33 234 894	34 191 462
Billettsal		1 329 116	952 604
Sponsorinntekter og annonser			13 950
Andre inntekter		196 631	106 785
Sum inntekter		36 479 031	36 679 541
Kostnader			
Varekostnad		975 305	1 154 301
Lønskostnader m.m. 2		19 598 085	19 128 065
Ordinære avskrivningar 3		677 082	615 828
Leigekostnader		995 580	1 050 618
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 849 614	1 443 369
Reparasjonar og vedlikehald		387 007	652 890
Reise/opphald		2 233 038	1 883 047
Honorar 2		5 477 930	5 319 468
Marknadsføring		1 010 589	1 124 717
Ymse kontorkostnader/ porto m.m.		1 517 132	1 613 800
Andre driftskostnader		1 481 874	1 236 155
Sum kostnader		36 203 236	35 222 259
Driftsresultat		275 795	1 457 282
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		108 293	113 266
Annan Finansinntekt			70
Sum finansinntekter		108 293	113 336
Annan rentekostnad		830	3 656
Annan finanskostnad		489	627
Sum finanskostnader		1 319	4 282
Netto finans		106 974	109 054
Ordinært resultat før skattekostnad		382 769	1 566 336
Ordinært resultat etter skattekostnad		382 769	1 566 336
Årsresultat	4	382 769	1 566 336
Årsresultat etter minoritetsinteresser		382 769	1 566 336



Totalresultat		382 769	1 566 336
Overføringer og disponeringar			
Udekt tap	4	250 000	1 050 000
Overføringer annan eigenkapital	4	132 769	516 336
Sum overføringer og disponeringar		382 769	1 566 336



Organisasjonsnr: 976 013 263
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR
SKRIFTKULTUR

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 749 131	1 979 341
Inventar og utstyr	3	1 845 786	1 271 982
Sum varige driftsmiddel		3 594 917	3 251 323
Sum anleggsmiddel		3 594 917	3 251 323
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	5	1 329 100	1 163 414
Krav			
Kundar	6	572 967	326 085
Andre krav	6	865 440	408 912
Sum krav		1 438 407	734 997
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjør kr 663 415)		10 846 204	11 200 974
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		10 846 204	11 200 974
Sum omløpsmiddel		13 613 711	13 099 385
SUM EIGEDELAR		17 208 628	16 350 708
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		270 000	270 000
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 828 970	3 578 970
Annan eigenkapital	4	5 782 190	5 649 421
Sum opptent eigenkapital		9 611 160	9 228 391



Sum egenkapital		9 881 160	9 498 391
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Sertifikatlån	5		
Leverandørgjeld		1 833 597	1 436 012
Trekk og offentlige avgifter		1 307 684	1 309 572
Påkomme kostnader		1 863 205	1 840 835
Periodiserte tilskot		2 322 983	2 265 899
Sum kortsiktig gjeld		7 327 468	6 852 317
Sum gjeld		7 327 468	6 852 317
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		17 208 628	16 350 708



Organisasjonsnr: 976 013 263
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR
SKRIFTKULTUR

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Tal på årsverk i regnskapsåret
5.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.





INNHALD

3	Nøkkelopplysingar
4	1 Innleiing
5	1.1 Direktøren har ordet
6	1.2 Hovudtal for 2022
8	1.3 Sterkare alliansar
10	1.4 Organisasjonskart
11	1.5 Mangfaldsplakaten
12	2 Forsking og samling
13	2.1 Forsking og utvikling
14	2.2 Dokumentasjon og innsamling
16	2.3 Formidling og ivaretaking av samlingane
18	3 Formidling
19	3.1 Formidling for hovud og hjarte
20	3.2 Kulturformidling på turné
21	3.3 Digital formidling
24	3.4 Hugesenteret og Poesifestivalen
26	3.5 Vinjesenteret og Litteraturdagane
28	3.6 Asentunet og Festspela
30	4 Fellesfunksjonar
30	4.1 Organisasjon
31	4.2 Økonomi
32	4.3 Sal
33	4.4 Kommunikasjon
34	5 Strategi 2023–2028
37	Signaturar
38	Rekneskap

FOTO

André Hustoft Nesheim – side 1, 4, 7, 12,
17, 18, 23, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 35
Svein Olav Humberstet – side 5
Ingvil Skeie Ljones – side 7

Jacob Stærk Jacobsen / Stærk Kommunikation – side 18, 29
Gudrun Semons – side 26
Tore Renberg – side 22
Emilie Holba – side 22
Nynorsk kultursentrum – side 4, 7, 15, 22, 23, 28, 29

Nynorsk kultursentrum, Musea for skriftkultur

Skipa 30. august 1993

Organisasjonsnummer 976 013 263

Direktør Per Magnus F. Sandmark

Gaute Øvereng fungerte som direktør til 13.6.2022

ARENAER

Aasentunet

Indrehovdevegen 176
6160 Hovdebygda



Vinjesenteret

Vinjevegen 1441
3890 Vinje



STYRET 2022

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Reidar Sandal	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.1.2022–31.3.2026
Amela Koluder	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2020–31.3.2024
Kristin Bakken	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2022–31.3.2026
Hilde Løkensgard Bjørnsvik	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	27.2.2018–31.3.2022
Sæbjørn Forberg	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2018–31.3.2024
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018– 31.3.2024
Lars Kvestad	medlem	rådet	3.12.2020–31.3.2024
Janne Nygård	medlem	rådet	27.2.2018–31.3.2026

Styret har hatt sju møte og behandla 51 saker.

Varamedlemmer for Kultur- og likestillingsdepartementet

1. Monica Bjermeland (1.4.2022–31.3.2026)

2. Geir Sverre Braut (1.4.2022–31.3.2026)

Bjørn Lødemel og Sven-Roald Nystø var varamedlemmer til 31.3.2022

Varamedlem for rådet

Ellen Skodjevåg Bø (1.4.2020–31.3.2024)

Varamedlem for dei tilsette

Stein A. Hevrøy (1.4.2020–31.3.2024)

Rådsordførar

Hege Lothe, Vestland fylkeskommune (2022–2024)

Varaordførar: Unni Fuglestad, Rogaland fylkeskommune (2022–2024)

STIFTARAR OG PARTNARAR

- Høgskulen i Volda
- Høgskulen på Vestlandet
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- LL Det Norske Teatret
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Møreforsking AS
- Noregs Mållag
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
- Noregs Ungdomslag
- Rogaland fylkeskommune
- Stiftinga Møre folkehøgskule
- Stiftinga Viti
- Ulvik herad
- Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune
- Vestmannalaget
- Vinje kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune

Den Høgvyrde

Kronprinsesse Mette-Marit

er kongeleg vernar

for stiftinga 2021–2025

1 INNLEIING



Over 300 barnehageborn frå 24 barnehagar i Møre og Romsdal og Vestland fylke var med på opninga av barnekunstutstillinga i Aasentunet.



Meir enn 1 000 av bøkene i boksamlinga til Ivar Aasen vart i løpet av året digitaliserte og gjort tilgjengeleg på digitalmuseum.no.



Marit Eikemo og Jan Inge Sørbø var nokre av utøvarane som turnerte med Litteraturhus i Møre og Romsdal i 2022.

1.1 Direktøren har ordet

*Per Magnus Finnanger Sandsmark
er direktør i Nynorsk kultursentrum*



Kva er det å vere ein nasjonal institusjon? Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, meiner det inneber å spegle og møte heile landet.

FRÅ ALTA TIL LILLESAND. FRÅ FARGELAV TIL FOLKERØYSTINGAR.

Nasjonale institusjonar treng ikkje ligge i hovudstaden. Dei kan like gjerne vere i Ørsta, Ulvik og Vinje. Nynorsk kultursentrum vitja i 2022 heile 104 kommunar – frå Alta i nord til Lillesand i sør – med arrangement eller vandreutstillingar. Få institusjonar når breiare ut enn oss. Me samarbeider tett med folkebibliotek og andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i heile landet.

I 2022 publiserte me 2 733 objekt frå museumssamlingane våre på nett. Blant det me har publisert er heile herbariet etter Ivar Aasen. Det kan verke litt perifert at eit språkmuseum publiserer eit herbarium med plantar, lav og algar. Namn er eit godt døme på kva språk tyder for menneska. Det er viktig for oss at ting får eigne namn på norsk som skildrar kva det er. Eit døme er fargelav, som er lavartar som vart nytta til fargestoff. Berre i namnet ligg det mykje kulturhistorie. Aasen samla og publiserte både personnamn og plantenamn, i tillegg til grunnlaget for nynorsk skriftspråk.

Nynorsk kultursentrum publiserte også heile Peder Hovdan-protokollen over norsk målreising. Her er unik dokumentasjon om folkeleg engasjement og kamp for nynorsk skriftspråk i kommune for kommune i Noreg. Særleg viktig er dokumentasjonen av mange folkerøystingar om kyrkje- og skulemål. Dette syner at nynorsk skriftkultur òg er ei demokratisoge.

I 2022 har 81 personar stått på løningslistene våre. I tillegg kjem mange sjølvstendig næringsdrivande med oppdrag på vegner av oss. Eg vil takke kvar og ein av dykk for å ha bidrege med å spreie nynorsk for hjarte og hovud til heile landet.

Per Magnus Finnanger Sandsmark
Ørsta, 28. februar 2023

Per Magnus Finnanger Sandsmark, direktør



1.2 Hovudtala for 2022

FORSKING OG SAMLING

Tilgjengelege objekt på nett



+ 30 pp frå 2021

Minneintervju



+ 15 frå 2021


Tilsette med forskningstid



+ 2 frå 2021

FORMIDLING

Samla gjestetel




Prosent barn og unge av totalt gjestetel



+ 8 pp frå 2021

Deltakarar i fokusgrupper

176



Rådgivarar med vitskaplege førstekompetanse til formidlingsprosjekt



SAMARBEID OG UTVIKLING

Frivillige

114 + 28 frå 2021




Eigenkapital av driftskostnader



+ 1 pp frå 2021

Kommunar med aktivitet

104 + 15 frå 2021



KOMMUNAR MED BESØK I 2022

Vestland

- 1 Alver
- 2 Askvoll
- 3 Askøy
- 4 Austevoll
- 5 Austrheim
- 6 Bergen
- 7 Bremanger
- 8 Eidsfjord
- 9 Etne
- 10 Fedje
- 11 Fjaler
- 12 Gloppen
- 13 Hyllestad
- 14 Kinn
- 15 Kvam
- 16 Kvinnherad
- 17 Masfjorden
- 18 Modalen
- 19 Samnanger
- 20 Sogndal
- 21 Solund
- 22 Stad
- 23 Stord
- 24 Stryn
- 25 Sunnfjord
- 26 Sveio
- 27 Tysnes
- 28 Ullensvang
- 29 Ulvik
- 30 Vaksdal
- 31 Vik
- 32 Voss
- 33 Årdal

Rogaland

- 34 Eigersund
- 35 Haugesund
- 36 Lund
- 37 Sandnes
- 38 Stavanger

Agder

- 39 Bygland
- 40 Bykle
- 41 Evje og Hornnes
- 42 Hægebostad
- 43 Lillesand
- 44 Valle
- 45 Åseral

Vestfold og Telemark

- 46 Fyresdal
- 47 Færder
- 48 Holmestrand
- 49 Horten
- 50 Kviteseid
- 51 Larvik
- 52 Notodden
- 53 Sandefjord
- 54 Seljord
- 55 Skien
- 56 Tokke
- 57 Tønsberg
- 58 Vinje

Viken og Oslo

- 59 Bærum
- 60 Gol
- 61 Halden
- 62 Hemsedal
- 63 Lillestrøm
- 64 Oslo
- 65 Sarpsborg
- 66 Ål

Innlandet

- 67 Lom
- 68 Sel
- 69 Skjåk
- 70 Vågå

Troms og Finnmark

- 71 Alta
- 72 Nordkapp
- 73 Porsanger
- 74 Tromsø

Nordland


- 75 Bodø

Trøndelag

- 76 Levanger
- 77 Namsos
- 78 Trondheim

Møre og Romsdal

- 79 Aukra
- 80 Aure
- 81 Averøy
- 82 Fjord
- 83 Giske
- 84 Gjemnes
- 85 Hareid
- 86 Herøy
- 87 Hustadvika
- 88 Kristiansund
- 89 Molde
- 90 Rauma
- 91 Sande
- 92 Smøla
- 93 Stranda
- 94 Sula
- 95 Sunndal
- 96 Sunndal
- 97 Sykkylven
- 98 Tingvoll
- 99 Ulstein
- 100 Vanylven
- 101 Vestnes
- 102 Volda
- 103 Ørsta
- 104 Ålesund



Pilotbibliotek
Lom folkebibliotek



Pilotbibliotek
Skulebiblioteket ved
Skeisvang
videregående skole

Pilotbibliotek
Sandnes bibliotek

Pilotbibliotek
Hægebostad og Eiken bibliotek




Pilotbibliotek
Hemsedal bibliotek

Vinjesenteret

1.3 Sterkere alliansar

Nynorsk kultursentrum har i 2022 styrkt det formelle og praktiske samarbeidet med andre institusjonar og organisasjonar.





PROSJEKTSAMARBEID



Saman med Bjørnsonfestivalen får Nynorsk kultursentrum over 1,5 millionar kr frå fylkeskommunen, alle kommunane i Møre og Romsdal og fleire private aktørar for formidling av litteratur i heile fylket. Dette styrkjer det regionale nærværet for begge institusjonane.

EØS-SAMARBEID

Saman med det latviske språksenteret Valodu muzejs/ House of Languages i Riga har me fått EØS-midlar til eit toårig prosjektsamarbeid. Målet er å formidle skriftkulturen til to språklege mindretal (nynorsk og latgalisk) på ulike område i Europa.

LESEDIGG

Saman med Landssamanlutninga for nynorsk kommunar, Framtida Junior, Vestland fylkeskommune og Nynorsk senteret driv me nettsida Lese-digg, som gir lesetips til barn.

NYNORSKE PILOTBIBLIOTEK

Nynorsk kultursentrum samarbeider med biblioteka ved Skeisvang vgs. (Haugesund) og i Sandnes, Hægebostad, Lom og Hemsedal kommunar om å styrkje nynorskformidlinga i bibliotek.

FORMELLE NETTVERK

NYNORSK FORUM

Saman med 15 andre nynorsk-institusjonar deltek Nynorsk kultursentrum i det offentlege ordskiftet om språk. Nynorsk kultursentrum er sekretariat, og direktøren er talsperson for forumet.

LITTERATURNETTVERKET

Nynorsk kultursentrum deltek i det nasjonale nettverket for litteraturmuseum.

LITTERATURFESTIVALNETTVERKET

Nynorsk kultursentrum deltek i nettverk med andre norske litteraturfestivalar.


INTERNASJONALT SPRÅKMUSEUMSNETTVERK

Nynorsk kultursentrum leier dette internasjonale nettverket. For tida er 27 museum frå heile verda aktive i nettverket.

NYNORSKFYLKET VESTLAND

Nynorsk kultursentrum er med i arbeidsutvalet i nettverket Nynorskfylket Vestland. Nettverket arbeider med å styrkje og samordne innsatsen for nynorsk språk i Vestland fylke.

1.4 Organisasjonskart



* ca. halve stillinga er nasjonale formidlingsoppgåver

** heile stillinga er nasjonale formidlingsoppgåver

*** arenaleiarane har drifts- og personalansvar for heile arenaen

1.5 Mangfaldsplakaten



MANGFALDS- PLAKATEN

Nynorsk er ideen om at eit mangfald i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

SKAPARMANGFALD

1. Mangfald skal alltid vere tema når me skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger

BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko me kan gjere som senker terskelen for å delta
4. Følg retningslinjer og råd om universell utforming
5. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
6. Gjennomfør alltid test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper

INNHALDSMANGFALD

7. Språk og bilete skal vise at me inkluderer og er mangfaldige
8. Referansar og døme skal vise at me kjenner mangfaldet som finst, både i no- og fortid
9. Jamfør gjerne med andre delar av verda

ORGANISASJONSMANGFALD

10. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar
11. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt

MINDRETALSMEDVIT

12. Hugs at me er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjør, og at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

2 FORSKING OG SAMLING




Peder Hovdan-protokollen over norsk målreising var blant gjenstandane som vart publisert på nettsida i 2022.



Konservator NMF Stein Arnold Hevrøy fotografere ei av bøkene i Olav H. Hauge-boksamlinga.


2.1 Forsking og utvikling

Autorisert konservator




+ 0 frå 2021

Tilsette med ph.d.



- 1 frå 2021

Fagfelleverderte artiklar



+ 3 frå 2021

Tilsette med forskningstid



+ 2 frå 2021

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, nyttar forskning og kunnskapsutvikling frå egne tilsette og andre til å styrkje formidlinga og forvaltninga av nynorsk skriftkultur.

Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum byggjer systematisk opp forskingskompetansen i verksemda. Forskar II bidreg til å styrkje forskarmiljøet i institusjonen, både som rettleiar og med eiga forskning. Ein tilsett har fullført mastergrad og publisert fagfelleverderte artikkel om anna tema. Fleire tilsette har artiklar under arbeid, og det er eit formelt og praktisk forskingsløft i heile organisasjonen.

Ved revidering av personalstrategi fekk alle tilsette med mastergrad, uavhengig av stilling, rett til forskningstid. Dette vonar me å sjå effekt av i åra som kjem.

Forskingsformidling

Gjennom 2022 har me systemisert arbeidet med forskingsbasert formidling. Me har knytt til oss førstekompetanse til større formidlings- og utviklingsprosjekt, som til dømes produksjonar for Den kulturelle skulesekken, vandreutstillingar og festivalprogram. Me har også byrja arbeidet med forskning og kunnskapsutvikling for ny basisutstilling i Aasantunet.

Prosjekt og nettverk

I 2022 deltok NK i fleire forskingsprosjekt, mellom anna *Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal*. NK er med på *Made Abroad: Producing Norwegian World Literature in a*

Time of Rupture 1900–1950. Disse er høvesvis finansierte av museumsprogrammet i Kulturrådet og programmet for banebrytande forskning i Forskningsrådet. I tillegg er me deltakarar i prosjektet *Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland*.

Stiftinga driv sjølv nettverk for poetisk tenking, som har deltakarar frå fleire norske universitet. Me deltek òg i forskarnettverket for skriftkulturar, som er administrert av Høgskulen i Volda. Våre tilsette byggjer sjølve nettverk inn- anfor sine egne og tilgrensande fagfelt. Me har årleg felles fagseminar saman med dei ulike nynorskfaglege miljøa ved Høgskulen i Volda.

Fagfelleverderte publikasjonar i 2022

Narve Fulsås: «Tarjei Vesaas og norsk litteratur i Nazi-Tyskland» i *Edda nr. 2/2022*.


Narve Fulsås: «Housing World Literature: The Norwegian Ibsen Museums» i *Transforming author museums. Form Sites of Pilgrimage to Cultural Hubs*. Berghahn Books 2022.

Fredrik Hope: «Når målrørsla normerer seg sjølv: normeringsprinsipp, husnormer og skrivereglar» i *Skriftkultur nr. 4/2022*.

Anders Aanes: «Å argumentere i ein språkdelt region» i *Fogderifylket Møre og Romsdal*. Museumsforlaget 2022.

2.2 Dokumentasjon og innsamling


Nye minneintervju



Sidevisingar av nynorskartiklar på Store norske leksikon (snl.no)



STORE
NORSKE
LEKSIKON



Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, dokumenterer og samlar på nynorsk skriftkultur.

Samtidsdokumentasjon

I 2022 gjennomførte Nynorsk kultursentrum minneintervju med 15 personar som på ulike vis har gjort ein viktig innsats for nynorsk skriftkultur. Mellom intervjuobjekta er salmediktar og tidlegare høgskulerektor Arve Brunvoll, og journalist, NRK-redaktør og målkvinne Magni Øvrebotten.

I samarbeid med Fylkesarkivet i Vestland fylkeskommune har vi også bidrege til opptak av visene til visekunstnar Ottar Wiik, og då særleg dei som var knytte til målrørsla. Muskar Jens Brekke bidrog på nokre av visene.

Store norske leksikon

Nynorsk kultursentrum held fram det gode samarbeidet med Store norske leksikon for å auke nynorskdelen i oppslagsverket. Både SNL og NK er opptekne av at artiklar på og om nynorsk skal nå flest mogleg. I 2022 har overføringa av 1 803 artiklar frå Allkunne blitt slutført, og 1 544 artiklar har vorte omsette frå bokmål til nynorsk. Fleire nyskrivne artiklar har òg kome til. Det vert sett i gang ulike tiltak for


å synleggjere større delar av nynorsk kulturhistorie i Store norske leksikon.

Samlingsstrategi for framtida


Mykje av den nynorske kulturarven er dekkja gjennom pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket. Nynorsk kultursentrum arbeider med ein eigen innsamlingsstrategi for å unngå å overlappa med dette sentrale arbeidet. Me vil difor prioritere privatarkiv, munnlege og fotografiske minne og anna materiale knytt til nynorsk kultur, då dette i mindre grad vert dekt av Nasjonalbiblioteket.

System, struktur og rutinar

I 2022 har Nynorsk kultursentrum etablert betre malar for inntak og avtalar. Me har nye rutinar for vurdering av desse gjennom eit samlingsforum. Arbeidet med å danne eit meir einskapleg avtaleverk held fram. Alt dette arbeidet vert basert på internasjonale standardar, slik som Spectrum og det etiske regelverket til ICOM.



Artikkelen om stjernetekn var den mest lesne artikkelen på nynorsk på snl.no i 2022 med 215 814 visningar. Nyskrivne artiklar, slik som artikkelen om språklova, har òg kome til i løpet av året.




I samband med sluttføringa av arbeidet med samanslåinga av Allkunne og Store norske leksikon, besøkte redaktørar i Store norske leksikon Aasentunet våren 2022.



Tor Gabrielsen var blant dei som vart intervjuva i 2022. I minneintervjuet fortalte Gabrielsen mellom anna om tida si som leiar i Norsk målungdom, og frå yrket sitt som journalist og redaktør i Dag og Tid.

2.3 Formidling og ivaretaking av samlingene



Nynorsk kultursentrum har ansvar for fleire samlingar og arkiv. Dei største er boksamlingane etter Olav H. Hauge og Ivar Aasen.

Privatarkivnettverket

Nynorsk kultursentrum har sidan 2021 hatt ein avtale med Arkivverket om rolla som koordinator for arbeidet med nynorsk språk og skriftkultur i arkivsektoren. Som ein del av dette arbeidet er vi også medlem i Privatarkivnettverket. Det sikrar oss kompetanse og nettverk for både å kunne ta betre vare på nynorsk skriftkultur, og å vere ein god rådgivar for andre.

Publisering på DigitaltMuseum

Inkludert foto har talet på publiserte objekt på DigitaltMuseum auka frå 17 til 47 prosent i 2022. Det aller meste av auken kjem av arbeidet med registrering av boksamlingane til Ivar Aasen og Olav H. Hauge. Den nye kunnskapen som blir gjort tilgjengeleg med desse publiseringane har stort potensial for forskning, utvikling og formidling.

Arkivformidling på nynorsk.no

Publikum kan lese om arkiva og samlingane til Nynorsk kultursentrum på nettstaden vår, nynorsk.no. I 2022 blei delar av Peder Hovdan-arkivet for norsk målreising gjort tilgjengeleg. Der kan ein mellom anna bla i Hovdan-


protokollen. I den kan ein finne innskrivne og innlimte avisklipp om stort og smått om utviklinga for nynorsk, sortert etter fylke og kommunar.

Oppbevaringstilhøve

Nynorsk kultursentrum har jamt over gode oppbevaringstilhøve for samlingane sine. Likevel er det naudsynt med nokre tiltak og gjennomgangar av ulike delar av desse for å gi best mogleg tilhøve for dei mest sårbare gjenstandane. Etter oppgradering av ventilasjonsanlegget ved Haugesenteret, har nye målingar av tilhøva avdekt behov for ytterlegare tiltak for sikring. Gjennomgangen av Aasen-samlinga i utstillinga har også ført til ny vurdering og nye tiltak.

Kulturhistoriske bygningar

Nynorsk kultursentrum forvaltar fem kulturhistoriske bygningar. Alle har vorte vurdert til tilstandsgrad 1 i 2022. Det er ikkje gjort større tiltak i løpet av året, og det er heller ikkje vurdert større behov for nye tiltak for å sikre desse bygningane dei nærmaste åra.



Gamlemuseet i Aasentunet er eitt av dei fem kulturhistoriske bygga Nynorsk kultursentrum forvaltar.



Delar av samlinga i Aasentunet i eitt av to magasin



Konservator NMF Stein Arnold Hevøy studerer boksamlinga til Olav H. Hauge ved Haguesenteret.

3 FORMIDLING



16-åringar med nynorsk som førstespråk er ei av hovudmålgruppene til Nynorsk kultursentrum.



Å skape gode opplevingar på nynorsk for barn er ei av hovudoppgåvene til Nynorsk kultursentrum.




Nynorsk kultursentrum markerte 125-årsjubileet til Tarjei Vesaas gjennom heile året.

Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2022

3.1 Formidling for hovud og hjarte

Deltakarar fokusgrupper

176



Førstekompetente
rådgivarar om
formidling



Nynorsk kultursentrum arbeider med å gjere formidling, samling og forskning meir relevant og representativ for fleire. Stiftinga arbeider medvite for å sikre brukar-, skapar- og innhaldsmangfald, med hjelp av ein mangfaldsplakat.

Hovudmålgruppene våre

Me har tre hovudmålgrupper: 7-åringar med nynorsk som førstespråk, 16-åringar med nynorsk som førstespråk og vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum.

Kunnskap om publikum og målgrupper

Heilt sidan år 2000 har me gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene, og seinare på nettstadane våre. I 2022 har me arbeidd med å styrkje kunnskapen om målgruppene våre ved å arbeide meir målretta med fokusgrupper, prøveframsyningar og undersøkingar.

Språkleg mangfald

Ideen om eit nynorsk skriftspråk er ei tru på at ein kan vere ulike i lag. Språk kan sameine på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljelinjer. Stiftinga er medviten det språklege mangfaldet i Noreg, og synleggjer dette i formidlingsaktiviteten vår. Me arbeider også med globalt språkleg mangfald gjennom internasjonale nettverk og prosjekt.

Tilgjenge

Nettstadane følgjer retningslinene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.


Forskningsbasert formidling

Våre tilsette hentar inn oppdatert kunnskap om faginnhald og formidling gjennom å følgje med i relevante vitskaplege og kulturfaglege fagmiljø. Ved større formidlingsprosjekt har me som prinsipp at minst éin med førstekompetanse er med som rådgivar eller prosjektdeltakar.

Jubileum og feiringar

Nynorsk kultursentrum markerte Tarjei Vesaas 125 år og Skeivt kulturår gjennom heile året, med arrangement og vandreutstillingar på bibliotek, kulturhus, skular og festivalar, i tillegg til arrangement og utstillingar på våre arenaer.

3.2 Kulturformidling på turné



Gjennom skuleframсыningar, utstillingar, konsertar, samtalar og foredrag har kulturformidlinga til Nynorsk kultursentrum nådd ut til alle fylke. Me hadde aktivitet i heile 104 kommunar, med tilbod frå Lillesand i sør til Alta i nord. Det er rekord!

Vandrestillingar

I 2022 vart 12 av dei 42 vandrestillingane våre synte fram 43 ulike stader med til saman 2 341 utstillingsdagar. Flest utlån var det av utstillinga *Biroller* som presenterer skeiv litteratur. Me produserte éi ny vandrestilling i år, kalla *Vesaas i verda*, som opna på Kimen litteraturfestival i Larvik. Utstillingar på turné er ikkje rekna inn i gjestetallet, då desse blir registrerte hos dei institusjonane som har lånt inn utstillingane.

Den kulturelle skulesekken

9 441 elevar og 640 lærarar i 26 kommunar fekk oppleve fem produksjonar med til saman 169 framсыningar på turné i Den kulturelle skulesekken i 2022. Nynorsk kultursentrum hadde i 2022 premiere på to nye produksjonar for Den kulturelle skulesekken: *Hjarte i alle fargar* og *Tarjei Vesaas og Is-slottet*. Dette passa bra med markeringane av Skeivt kulturår og Tarjei Vesaas 125 år. Me arbeidde også med å fornye produksjonar om kjeldekritikk, dans og arkitektur, poesi og språkleik, og ytrings- og språkmangfald.

Arrangement på turné

Nynorsk kultursentrum besøker folkebibliotek og andre forsamlingslokale i heile landet med ulike formidlingskonsept. 24 308 personar opplevde arrangement og turnear organiserte av Nynorsk kultursentrum utanfor musea våre i 2022. Dette var også andre året i prosjektet Litteraturhus i Møre og Romsdal, der Nynorsk kultursentrum og Bjørnson-festivalen auka aktiviteten i høve fjoråret og organiserte 27 turnear med 146 arrangement. Folk i alle kommunane i fylket fekk dermed tilbod om unike litteraturopplevingar der dei bur.

Nynorske pilotbibliotek

Nynorsk kultursentrum har fast samarbeid med folkebiblioteka i Sandnes, Lom, Hemsedal, Hægebostad kommunar, og skulebiblioteket ved Skeisvang videregående skole. Saman med biblioteka hadde me utstillingar, foredrag og samtalar, i tillegg til å samarbeide om ulike formidlingsformat for barn og unge. Desse biblioteka blir nytta som arenaer for å prøve ut ulike formidlingsopplegg og opplegg for medverknad. Biblioteka vert difor kalla Nynorske pilotbibliotek.

3.3 Digital formidling

Økter på alle nettstadene



180 356

Avspelingar video, songar og podkastar



48 167

+10 743 frå 2021

Nynorsk kultursentrum når flest brukarar digitalt. Dette gjer me gjennom podkast, YouTube, sosiale medium, egne nettstader og samarbeid med større digitale aktørar som Store norske leksikon og DigitaltMuseum.

Digitale høgdepunkt

I 2022 har Nynorsk kultursentrum styrkt den digitale formidlinga med aktuelt og nytt innhald om skeiv litteratur og krigen i Ukraina. Tekstane i prosjektet *Markering for Ukraina* synleggjer korleis tryggleik, identitet, språk og kunnskap kjem under press når eit land er prega av krigshandlingar. Den digitale utstillinga *Ungt språkengasjement*, som fortel saga om Norsk Målungdom og korleis unge engasjerer seg i språkspørsmål i Noreg, har blitt vidareutvikla.

Følgjarar i sosiale medium

I 2022 hadde Nynorsk kultursentrum til saman 19 568 følgjarar. I 2021 var følgjartalet 19 443. Den låge auken i følgjarar frå 2021 kjem av samanslåing av arena- og festivalkontoane på Facebook. Dette effektiviserer tida vår og gjer at me i større grad når dei same målgruppene med meir relevant innhald.


Podkast og YouTube

I 2022 vart det publisert fire nye episodar på Nynorsk kultursentrum sin eigen podkastkanal «Nynorsk no». Kanalen hadde 1 095 avspelingar. YouTube-kanalen hadde sju nye publiseringar og til saman 12 943 avspelingar i 2022.


Samarbeid med Store Norske Leksikon


Det var heile 5,2 millionar sidevisingar for nynorskinnhaldet på Store norske leksikon i 2022. I løpet av andre kvartal i 2022 var overføringa av nynorskartiklar frå Allkunne til Store norske leksikon slutført. Samstundes kom det òg til ei rekkje nyskrivne nynorske artiklar. Dermed er det endå meir kvardagsnynorsk tilgjengeleg for dei som leitar etter relevant og kvalitetssikra kunnskapsinnhald på nett.

Følgjarar i sosiale medium



Sidevisingar av nynorskartiklar i Store norske leksikon (snl.no)





Vandreutstillinga «Vesaas i verda» er ei framstilling av Tarjei Vesaas som internasjonal forfattar, og viser veggen litteraturen hans tok ut i den store verda.



Framsyninga «Hjarte i alle fargar» i Den kulturelle skulesekken




Tore Renberg var på skulebesøk som del av satsinga vår på nynorske pilotbibliotek.

Nynorsk kultursentrum samarbeidde med ismusikkfestivalen på Bergsjøstølen i Ål kommune om å heidre Tarjei Vesaas og litteraturen hans. Kunst- og designstudentane ved Universitetet i Bergen dekorerte festivalarenaen, inspirert av Is-slottet. Publikum fekk ei unik oppleving med komponist og musikal Terje Isungsets isperkusjon og skodespelar Arnhild Litteré som las Vesaas' tekstar frå Is-slottet.



Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2022

Teikneserieskaparen Jens K. Styve var ein av dei som vart inviterte til å skrive om skeive minoritetar til nettutstillinga «Skeiv litteraturfest».



Ungdommar i aktivitet under Skeiv litteraturfest



Lyriskar Svanhild Amdal Telnes og musikkar Tuva Syvertsen vitja biblioteka i Seljord, Stord og Kvinnherad under turneen med «Lytt til lyrikken».



Songpoeten Erlend Ropstad og lyrikar Endre Ruset samtalte om å skrive, og om å leve av og med songar og dikt i samtaleserien «Lytt til lyrikken».




Nynorsk kultursentrum feira 125-årsjubileet til Tarjei Vesaas med arrangement og utstillingar i heile landet.

Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2022

3.4 Haugesenteret og Poesifestivalen



Gjester ved Haugesenteret



Gjester under 18 år



Gjester på Poesifestivalen

3 204

Haugesenteret i Ulvik formidler lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.

Tilbod til skular og barnehagar

Ved Haugesenteret har Nynorsk kultursentrum pedagogiske tilbod til alle alderssteg frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. Alle skulane i regionen får påminning om undervisningstilboda ved semesterstart. Skulebesøket ved arenaen tok seg opp att hausten 2022 etter to år med pandemi-restriksjonar. Det mest skapande ungdomstilbodet er skriveverkstaden «Olav H. og eg», der ungdomsskuleelevar frå Hardanger og Voss skriv dikt inspirert av Olav H. Hauge.

Reisemålet Haugesenteret

Haugesenteret er ein møteplass for lokale og nasjonale lyrikk-entusiastar. I Ulvik er det sommaren som er høgsesong. I samarbeid med Ulvik turlag, Visit Hardangerfjord, Brakanes

hotell, turistkontoret i Ulvik og Frukt- og siderruta, er det både utandørstilbod, pakketilbod til grupper og gjensidig samarbeid om marknadsføring. Ein av tre gjester om sommaren er gruppegjester. Det var 1 135 gjester i sommar-sesongen, noko som var ein auke på 10 prosent frå året før. Det er også arrangement og aktivitet ved senteret gjennom heile året.

Poesifestivalen

Nynorsk kultursentrum er svært nøgde med at 3 204 gjester kom til Poesifestivalen i 2022. Temaet for årets Poesifestival var «Fri». Det blei gjennomført 37 ulike arrangement med heile 102 utøvarar.

Skriveverkstaden «Olav H. og eg» er mykje nytta i formidlinga for ungdom, der dei kan både lære om lyrikk og skape dikt sjølve.



Annlaug Børsheim opptredde på opninga av Poesifestivalen 2022. Temaet for festivalen var «Fri».



Teikneserieskapar Ida Eva Neverdahl las, teikna og fortalde om teikneserien hennar Floke under Poesifestivalen.




Lyrikarane Karoline Brændjord og Aina Villanger i samtale om festivaltemaet «Fri» under årets festival.

3.5 Vinjesenteret og Litteraturdagane



Gjester ved Vinjesenteret



Gjester under 18 år



Gjester på Litteraturdagane

2 624

Vinjesenteret i Telemark er eit nasjonalt formidlingscenter for diktning og journalistikk. Her kan alle oppleve krafta i forteljningane, både dei sanne og dei dikta.

Tilbod til skular og barnehagar

Nynorsk kultursentrum hadde første heile driftsår for Vinjesenteret i 2022, og har dermed fått testa ut og etablert nye formidlingstilbod for skular og barnehagar. Det største bidraget har vore Fantasihagen, der 140 elevar ved barneskulane i Vinje har illustrert dikt og forteljningar av nynorskforfattarar. Desse har vore stilt ut utanfor senteret.

Reisemålet Vinjesenteret

2022 var første året der Vinjesenteret var ope heile sommaren. Nesten åtte av ti gjester i utstillinga kom i perioden mai til august. Me har open utstilling og eit avgrensa mat- og kiosk-

tilbod i senteret, i tillegg til tilbod om omvisingar i Vinjestoga. Nynorsk kultursentrum testar ut tidspunkt for helgeope og ulike typar arrangement for å skape eit meir attraktivt tilbod for fastbuande, hyttefolk og tilreisande til Vinje.

Litteraturdagane

Med nye og gamle blikk på mellom anna Tarjei Vesaas, skeiv kultur og norsk samtidslitteratur fekk publikum oppleve krafta i forteljningane under Litteraturdagane. 2 624 gjester og om lag 30 frivillige deltok på festivalen. Festivalen var særleg prega av 125-årsjubileet for Tarjei Vesaas.

*Vinjesenteret formidlar forteljingar,
både dei sanne og dei dikta.
Journalisten og dikteren
Aasmund Olavsson Vinje er eit godt
døme på kor tett desse sjangrane
heng saman og utfyller kvarandre.*



Kjersti Rørgemoen, Victoria Kielland og Tore Kvæven i samtale under Litteraturdagane om levande fortid




Litteraturdagane skaper gode møteplassar for både tilreisande og lokalt publikum.




Litteraturdagane 2022 hadde òg trekkspelkonsert i det fri, med mellom andre programleiar og forfattar Linda Eide.

3.6 Aasentunet og Festspela



Gjester i Aasentunet



Gjester under 18 år



Gjester på Festspela

2 809

Frå slutten av 1800-talet har folk kome til Aasentunet på Sunnmøre for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kunst og musikk.

Tilbod til skular og barnehagar

Nynorsk kultursentrum har tilbod om mange ulike formidlingsopplegg for barnehage- og skuleelevar på alle årssteg. Dette gjer me mellom anna med faste tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken i Ørsta og Volda, i tillegg til skulebesøk frå store delar av nærområdet vårt. Me brukar ulike innfallsvinklar slik som fluktrute (escape room), forfattarbesøk, barnekunstutstillingar eller framsyningar med ulike former for elevmedverknad.

Reisemålet Aasentunet

Aasentunet er tilgjengeleg for grupper og enkeltbesøk gjennom heile året, og har arrangement for både barn og vaksne som tiltrekker både lokale og langvegsfarande gjester. I alt 5 972 gjester besøkte Aasentunet i 2022. Dette er

18 prosent høgare enn i 2021. Til dømes la Destinasjon Ålesund og Sunnmøre reiselivssamlinga si til Aasentunet i 2022. Dette bidrog til at fleire reiselivsaktørar i regionen fekk betre innsyn i og idear til samarbeid med Aasentunet. Me hadde 54 (+11) utleigearrangement i 2022.

Festspela

I 2022 var temaet for Festspela «Oppgjer», og forfattar Aina Basso var festspeldiktar. Gjestetalet auka med om lag 700 gjester samanlikna med 2021, men det er framleis ikkje tilbake til nivået det var på før pandemien. Det blei gjennomført til saman 46 arrangement under festivalen. Festspela lykkast med å presentere sakprosa og skjønnlitteratur for både barn og vaksne, og spegla på denne måten mellom anna den allsidige forfattarskapen til Basso.

Formidlar i Aasentunet, Ida Karin Aarflot Kornberg, fortel både historia om språkforskaren Ivar Aasen sitt liv og virke, og om språk og skrifkkultur i dag.



Det var god stemning i det våte været då Eva Weel Skram spelte for eit fullsett uteamfi under Festspela.



Under Festspela laga Lurivar liv og ordspion-rere for dei minste festivalgjengarane.




Festspeldiktar Aina Basso i samtale med forfattar Sigbjørn Skåden og litteraturjournalist Helene Hovden Hareide om historisk medvit i romanskrivinga.



Edvard Hoem las både vare og humoristiske dikt under konserten han og artisten Ina Hoem heldt i Uteamfiet i Aasentunet under Festspela.

4 FELLESFUNKSJONAR

4.1 Organisasjon



Utstillingsansvarleg Kristin Person klargjer ei utstilling til utlån.

Nynorsk kultursentrum skal vere ein attraktiv arbeidsplass i lokalsamfunna me er til stades i.

Helse, miljø og sikkerheit

Organisasjonen har vedteke planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og tryggleik i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har eige arbeidsmiljøutval.

Arbeidsmiljøet er trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Det er gjennomført vernerundar i avdelingane. Det er ikkje meld skader i perioden.

Sjukefråværet var 6,5 prosent i 2022, mot 10,2 prosent i 2021. Fråværet under 16 dagar var på 2,8 prosent (+1,0), og fråværet over 16 dagar var på 3,7 prosent (-4,7). Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere langtidssjukefråværet.

Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakassering. Me arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering. Stiftinga har som prinsipp at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

Likestilling og mangfald


I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa har fem menn og to kvinner. 14 menn og 24 kvinner har arbeidsavtale per 31.12.2022. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid er lik representasjon av kvinner og menn.

Organisasjonen utarbeidde i 2020 ein mangfaldsplakat (side 11) for verksemda. Denne blei oppdatert i 2022.

Ytre miljø

Stiftinga forsøker å avgrense påverknaden på det ytre miljøet. Aasantunet har el-varebil, og det er kjeldesortering ved alle dei tre arenaene. Gjester og utøvarar blir oppmoda til å reise med buss eller tog der det er mogleg.

4.2 Økonomi



Nynorsk kultursentrum har egenkapital tilsvarende 27 prosent av driftsinntektene. Dette gir solid grunnlag for videre drift.

Rekneskap 2022

Stiftinga hadde driftsinntekter på 36 479 031 kr og driftskostnader på 36 203 236 kr i 2022. 88 prosent av disse inntektene var offentlege tilskot, og 12 prosent var marknadsinntekter, gaver og sponsoravtalar. Det er sett av midlar til investeringar og vedlikehald. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 382 769 kr styrker eigenkapitalen til 9 881 160 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 54 prosent av samla omsetning, mot 52 prosent året før. Dei samla driftsinntektene gjekk ned med 0,6 prosent og driftskostnadene auka med 2,8 prosent.

Private gaver og prosjektmidlar

1 032 000 kroner

Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 1 032 000 kroner i private gaver og prosjektmidlar. Alt er øyremerkt festivalar og formidlingstiltak.

Investeringar

Det blei installert ny solskjerming i Aasentunet i løpet av sommaren 2022. Utanom dette er det berre blitt gjort mindre investeringar i løpet av året.

Avsetjingar

Det er sett av midlar til vidare- og etterutdanning for tilsette og til vedlikehaldsfond.


Finansiell risiko

Eitt av hovudmåla i strategien er at institusjonen skal vurdere følgjene for m.a. økonomi i alle saker. Eitt av suksesskriteria i strategien er at Nynorsk kultursentrum skal ha ein eigenkapital på minst 15 prosent av årlege driftskostnader. Status per 31.12.22 er 27 prosent.


Stiftinga har ikkje bankgjeld, har god likviditet og er lite eksponert mot endringar i marknaden. Det er eit strategisk mål framover at salsinntektene skal utgjere same del av inntektene som i 2022 (8,5 prosent).

4.3 Sal

Eigeninntekter per inntektskjelde etter arena



Selde bøker av butikksalet



Selde lvar Aasen-boksarar



Nynorsk kultursentrum driv museumsbutikkar ved Haugesenteret, Vinjesenteret og i Aasentunet. Ved dei to sistnemnde stadene har me også kafétilbod og driv utleige av lokala våre. Nettbutikken [nettbutikken.no](https://www.nettbutikken.no) er ein integrert del av butikkdrifta vår.

Auka sal

Den totale omsetnaden i dei tre butikkane har auka frå 2021 til 2022. Butikken i Aasentunet og ved Vinjesenteret auka høvesvis med 12 og 38 prosent, medan butikken ved Haugesenteret gjekk ned med 21 prosent. Det vart arrangert festival ved alle tre arenaene både i 2021 og i 2022, då Poesifestivalen vart utsett frå 2020 til 2021 grunna pandemirestriksjonar.

Betra drift av nettbutikk

Netthandelen utgjer om lag 40% av omsetnaden i butikken i Aasentunet. Tidleg i 2022 vart Nynorsk kultursentrum medlem av Bokhandlerforeningen. Dette har gitt oss større rabattar og betre vilkår for distribusjon av bøker. Det har også vore med på å effektivisere og styrkje netthandelen.


Meir effektive kafétilbod

Me arbeider med å effektivisere kafédrifta i Aasentunet og å kunne gje eit mattilbod ved Vinjesenteret som er meir tilpassa målgruppene. Kjøkkentilhøva og relativt låg omsetnad gjer dette utfordrande. Samstundes har marginane auka i 2022, i tillegg til at svinnet er redusert. Det vert samarbeidd med lokale matprodusentar og -distributørar om tilbodet ved Vinjesenteret og i Aasentunet.


Eigenutvikla varer

Nynorsk kultursentrum har fleire eigenutvikla varer og kan dermed tilby kundane våre unike produkt. I 2022 vart det mellom anna produserte ei ny skuggelue og det årlege festspel-kruset. Eit utval av varene våre blei også selde ved andre stader, som til dømes Det Norske Teatret og Sunnmørsalpane Guide Service.

Omsetnad, butikkar



Omsetnad, kafé



4.4 Kommunikasjon

Nynorsk kultursentrum ønskjer å gjere alle delar av verksemda vår kjend offentleg. Ein sentral del av arbeidet vårt er samlingsforvaltning. Denne saka er frå NRK, som også følgde opp saka med radiointervju.



Nynorsk kultursentrum har fastsett at verdiane til stiftinga er påliteleg, samlande og kreativ. Hovudmålgruppene er kunnskaps- og kulturorienterte vaksne, skuleelevar og småbarnsfamiliar.

Pressearbeid

For Nynorsk kultursentrum er det viktig at stiftinga, aktivitetane og medarbeidarane våre er synlege. Me skal også vere ein del av den offentlege samtalen om nynorsk skriftkultur. I 2022 fekk me i større grad enn tidlegare fram forskinga og samlingane våre til offentlegheita, i tillegg til festivalar, arrangement og viktig politisk påverknadsarbeid.

Nynorsk kultursentrum var fleire gonger i nasjonale nyheitsmedium i 2022. Me fekk til dømes synt fram funna ved gjennomgangen av Ivar Aasen-boksamlinga på NRK radio og nett, og kommentert korleis statsbudsjettet påverkar nynorsktilboda i Noreg.

Marknadsstrategi

Me har i 2022 halde fram med å prioritere meir digital marknadsføring, spesielt nasjonalt. Lokalt har me nytta både digital og trykt annonsering. Me er også opptekne av å etablere gode samarbeid med andre aktørar for å styrkje marknadsposisjonen vår og gjere oss meir synlege.


Politisk påverknad

Nynorsk kultursentrum har på vegner av Nynorsk forum delteke i høyringar i Stortinget om kultur-, kommunal- og utdanningsbudsjetta. Det har i tillegg vorte sendt inn høyringsvar om ny boklov, ny lov om høgare utdanning og forskning, forskrift til språklova og andre kultur- og kunnskapspolitiske spørsmål. Me har også delteke i regionale høyringar i Møre og Romsdal, Vestland og Vestfold og Telemark fylkeskommunar.



Strategi 2023–2028

Vedteke 27.9.2022



HOVUDMÅL

1. Samlingane våre er registrert og publisert på nett
2. Minneintervju og foto dokumenterer samtida
3. Fleire tilsette publiserer forskning, og me samarbeider med forskarar om meir forskingsbasert formidling
4. Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene
5. Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrkje nynorsk skriftkultur
6. Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy
7. Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker



FØREMÅLET

«Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kultur-fagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtektene for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, 26.2.2021

VERDIAR

Samlande

- Me er samlande for alle som arbeider for og med nynorsk i heile landet
- Me er på tre arbeidsstader, men er éin samla organisasjon
- Me fremmer dialog og diskusjon
- Det skal vere låg terskel for å delta på våre tilbod, både fysisk og på nett

Kreativ

- Me har fridom til å tenkje nytt og kreativt
- Me finn nye koplingar og kreative løysingar
- Me er ein fleksibel organisasjon
- Me er opne for nye samarbeid
- Me er alltid på jakt etter ny kunnskap om fortida, er med på å forme samtalen om samtida og tenkjer høgt om framtida
- Me nyttar kunnskapen vår til å kople det lokale med det nasjonale og det globale

Påliteleg

- Det me formidlar er forskings- og kunnskapsbasert
- Me har tydelege og rettvise rammer som arbeids- og oppdragsgivar
- Me er saklege og tydelege når me deltek i samfunnsdebatten
- Me har berekraftig drift av organisasjonen vår

HOVUDMÅLGRUPPENE





SUKSESSFAKTORANE

Tal

- Del av dei registrerte museumssamlingane som er digitalisert og publisert
- Del av arkivsamlingane som er registrert og publisert
- Innsamla, transkriberte og publiserte minneintervju
- Tilsette med forskingstid
- Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear, festivalar

Handlingar

- Etablering av teneste og rutinar for dokumentasjonsfoto av frivillige

Tal

- Barnehagebarn og skuleelevar per steg og per arena/ turné
- Prosjekt med samskaping per målgruppe
- Prosjekt med medverknad/ fokusgruppe per målgruppe

Handlingar

- Nettsidene og sosiale medium-kanalar blir evaluert kvart 2. år for å nå målgrupper og interessentar

Tal

- Kommunar med vandreutstilling/ arrangement
- Lesar- og publikasjonstal på nynorsk i Store norske leksikon
- Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell.
- Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine evalueringar
- Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader

Handlingar

- Årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur
- Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell.
- All planlegging og alle prosjekt byrjar med gjennomgang av mangfaldsplakaten

STRATEGIANE OG LANGTIDSPLANANE

Strategiar

- Kommunikasjonsstrategi
- Personalstrategi
- Språkpolitisk strategi
- Mangfaldsstrategi
- Formidlingsstrategi
- Klima- og miljøstrategi

Langtidsplanar

- Samlingsforvaltning
- Forsking
- Digital formidling
- Turnear og vandreutstillingar
- Utstillingar og arrangement på arenaene
- Økonomi og administrasjon
- Drift og vedlikehald



Ørsta, 23. februar 2023




Reidar Sandal
styreleiar



Amela Koluder
nestleiar



Kristin Bakken
styremedlem



Sæbjørn Forberg
styremedlem



Siri Beate Gjerde
styremedlem



Lars Kvestad
styremedlem



Janne Nygård
styremedlem



Per Magnus Finnanger Sandmark
direktør











Resultatrekneskap			
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2022	2021
Sal av varer		1 718 390	1 414 740
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	33 234 894	34 191 462
Billettsal		1 329 116	952 604
Sponsorinntekter og annonser		0	13 950
Andre inntekter		196 631	106 785
Sum driftsinntekter		<u>36 479 031</u>	<u>36 679 541</u>
Varekostnad		975 305	1 154 301
Lønskostnader m.m.	2	19 598 085	19 128 065
Ordinære avskrivningar	3	677 082	615 828
Leigekostnader		995 580	1 050 618
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 849 614	1 443 369
Reparasjonar og vedlikehald		387 007	652 890
Reise/oppald		2 233 038	1 883 047
Honorar	2	5 477 930	5 319 468
Marknadsføring		1 010 589	1 124 717
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 517 132	1 613 800
Andre driftskostnader		1 481 874	1 236 155
Sum driftskostnader		<u>36 203 236</u>	<u>35 222 259</u>
Driftsresultat		<u>275 795</u>	<u>1 457 282</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		108 293	113 266
Annan Finansinntekt		0	70
Rentekostnader		830	3 656
Annan finanskostnad		489	627
Resultat av finanspostar		<u>106 974</u>	<u>109 054</u>
Resultat før skattekostnad		<u>382 769</u>	<u>1 566 336</u>
Resultat		<u>382 769</u>	<u>1 566 336</u>
Årsoverskot	4	<u>382 769</u>	<u>1 566 336</u>
Overføringer			
Avsett til forpliktingar	4	250 000	1 050 000
Overføringer annan egenkapital	4	132 769	516 336
Sum overføringer		<u>382 769</u>	<u>1 566 336</u>
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			Side 2



Balanse			
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
Eigedelar	Note	2022	2021
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 749 131	1 979 341
Inventar og utstyr	3	1 845 786	1 271 982
Sum varige driftsmiddel		<u>3 594 917</u>	<u>3 251 323</u>
Finansielle driftsmiddel			
Sum anleggsmiddel		<u>3 594 917</u>	<u>3 251 323</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	5	1 329 100	1 163 414
Krav			
Kundar	6	572 967	326 085
Andre krav	6	865 440	408 912
Sum krav		<u>1 438 407</u>	<u>734 997</u>
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjør kr 663 415)		10 846 204	11 200 974
Sum omløpsmiddel		<u>13 613 711</u>	<u>13 099 385</u>
Sum eigedelar		<u>17 208 628</u>	<u>16 350 708</u>
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur		Side 3	



Balanse			
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
Eigenkapital og gjeld	Note	2022	2021
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 828 970	3 578 970
Annan eigenkapital	4	5 782 190	5 649 421
Sum opptent eigenkapital		<u>9 611 160</u>	<u>9 228 391</u>
Sum eigenkapital		<u>9 881 160</u>	<u>9 498 391</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 833 597	1 436 012
Trekk og offentlege avgifter		1 307 684	1 309 572
Påkomne kostnader		1 863 205	1 840 835
Periodiserte tilskot		2 322 983	2 265 899
Sum kortsiktig gjeld		<u>7 327 468</u>	<u>6 852 317</u>
Sum gjeld		<u>7 327 468</u>	<u>6 852 317</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>17 208 628</u>	<u>16 350 708</u>
I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 23.2.23			
 Reidar Sandal Styreleiar	 Amela Koluder Nestleiar	 Kristin Bakken Styremedlem	
 Sæbjørn Forberg Styremedlem	 Siri Beate Gjerde Styremedlem	 Lars August Hafting Kvestad Styremedlem	
 Janne-Kristin Svarstad Nygård Styremedlem	 Per Magnus Finnanger Sandmark Direktør		
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			Side 3

NOTAR for 2022

Nynorsk Kultursentrum, musea for skriftkultur

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgevar. Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2022)	2022	2021
Kulturdepartementet	23 935 000	24 149 250
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	1 039 839	1 175 975
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 600 510	1 507 457
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	212 000	240 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 740 000	2 012 500
Tilskot frå Vinje kommune	1 490 710	1 232 000
Tilskot Norsk kulturråd	630 000	1 065 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	918 782	1 161 600
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	0	300 000
Tilskot Fritt Ord	280 000	400 000
Andre offentlege tilskot	556 427	482 681
Andre tilskot	159 627	0
Gåvemidlar	672 000	465 000
Sum tilskot	33 234 894	34 191 462



Note 2 Lønnskostnad, tal på tilsette m.m.				
	2022	2021		
Lønnskostnad	15 392 089	14 741 717		
Folketrygdavgift	2 225 311	2 179 542		
Oppg.pl. honorar	447 055	589 399		
Pensjonsytingar	1 208 132	1 393 711		
Andre ytingar	325 498	223 696		
	<u>19 598 085</u>	<u>19 128 065</u>		
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	<u>24,1</u>	<u>28,9</u>		
Revisor				
Kostnadsført revisjonshonorar for 2022 utgjer kr 53.000,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 19.500,- eks/mva.				
Note 3 Driftsmiddel, avskrivningar				
Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling/bil/retta r	Amfi/ute- kafe/utscene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris 1.1.	25 128 038	8 358 477	43 800 000	77 286 515
+ Tilgang	1 140 676	0	0	1 140 676
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot	0	0	0	0
-Overføring frå egne avsetjingar	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-19 584 362	-4 164 500	-43 800 000	-67 548 862
Akk. avskrivningar 31.12.	-4 838 567	-2 444 846	0	-7 283 413
Bokført verdi 31.12	1 845 786	1 749 131	0	3 594 917
Avskrivningar i år	446 872	230 210	0	677 082
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		
<p>Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimeloverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller foremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.</p> <p>Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønssnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.</p>				
Note 4 Eigenkapital				
	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2022	270 000	3 578 970	5 649 421	9 498 391
Årets resultat		250 000	132 769	382 769
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader	0	0	0	0
Eigenkapital pr. 31.12.2022	<u>270 000</u>	<u>3 828 970</u>	<u>5 782 190</u>	<u>9 881 160</u>
Note 5 Varelager				
Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.				
Note 6 Andre krav				
Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.				



43 **hovden & vatne**
statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til styret i
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 382.769. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld

ØRSTA:	NORDFJORDEID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har



funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 23.2.2023
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Dag Hopland
statsautorisert revisor



Elektronisk signatur

Signert av

Hopland, Dag Finn
Norwegian BankID

Dato og tid

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

24.02.2023 13.48.38

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de foregående sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signaturdetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.



nynorsk.no